



Retningslinjer for handtering av seksuelle overgrep og grenseoverskridande åtfærd i Noregs Ungdomslag

Fastsett av styret 20.11.2020

Revidert versjon vedtatt 10.06.2023

Føremål og ansvar

Noregs Ungdomslag (NU) skal vere ein trygg organisasjon. Det skal vere eit trygt fellesskap for deltakarane på aktivitetar og tilskipingar i regi av Noregs Ungdomslag eller lokallag/fylkeslag. Det betyr at det skal vere trygge rammer for å kunne delta for medlemmar, tillitsvalte og tilsette.

For å sikre ein trygg organisasjon er det naudsynt med både førebyggjande arbeid og eit effektivt beredskapsarbeid. Det er ansvaret til styret at oppdaterte retningslinjer for handtering blir vedteke kvart år, og dei tilsette ved NU-kontoret har ansvar for at dette blir følgt opp og er på plass.

Dette dokumentet gir retningslinjer for Noregs Ungdomslag om eit overgrep blir avdekket, dei formelle reaksjonane som skal tas når det er mistanke om eller/og bekrefta seksuell trakassering, seksuell overskridande åtfærd eller eit seksuelt overgrep. Dette er i samsvar med Noregs Ungdomslag sine vedtekter og verdier.

Definisjonar

Seksuelle overgrep:

Ufrivillige seksuelle handlingar gjort av ein person mot ein anna i ein relasjon av tillit eller tvang. Dette inkluderer seksuelle handlingar eller ytringar som ein person som med høgare alder og/eller meir makt gjer mot eit barn eller ungdom som ikkje forstår handlinga, og/eller som ikkje har nok erfaring eller kunnskap til å komme seg ut av det.

Grenseoverskridande seksuell åtfærd:

Handlingar som bryt med dei grenser ein person har for å beskytte sin eigen integritet. Dette kan vere, men er ikkje avgrensa til, ikkje ønska seksuell tilnærming, ei oppmoding om seksuelle tenester, verbal eller kroppsleg åtfærd av seksuell natur som blir opplevd audmjukande og/eller invaderande. Inkluderer òg handlingar på nett og sosiale medium.

Seksuell trakassering:

Ikkje ønska seksuell merksemd som har som føremål eller verknad å vere krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdiggjande, audmjukande eller plagsamt er seksuell trakassering. I seksuell ligger at det spelar på kropp, kjønn og seksualitet. Merksemd omfattar både verbal og fysisk åtfærd, og utgjer trakassering i merksemda held fram etter at fornærma har gitt uttrykk for at det ikkje er ønska. Seksuell trakassering inkluderer òg å behandle ulikt på bakgrunn av kjønn/kjønnsidentitet og kan i dei tilfelle bli nemnt som kjønnsmobbing.

Rutinar for den som tek i mot mistanke, melding eller klage

1. Lytt nøye, stadfest det du har høyrte og opptre roleg. Ta gjerne notatar anten under samtalen (om det er naturleg) eller rett etterpå. Det kan vere ein sterk oppleving å bli kjent med krenkingar av andre. Det skal, om det er praktisk mogleg, alltid vere to til stades ved mottak av melding.
2. Sikre om naudsynt situasjonen for den utsette, og kontakt aldri den som er skulda. Alle som fortel om overgrep, skal bli ivaretatt av personen som fekk informasjonen først inntil andre tek over. Gi tryggleik, slik at den som har blitt utsett for handlinga opplev å bli trudd. **Du kan ikkje love å halde informasjonen hemmeleg.**
3. Kontakt generalsekretær og informer om situasjonen. Om den utsette er under 15 år skal foreldre/føresette og eventuelt barnevern bli varsle. Dersom den utsette er mellom 15 og 18 år skal kontakt med foreldre/føresette skje etter dialog med den som har blitt utsett for handlinga.



Dersom saken gjeld generalsekretær, kan den som har teke i mot mistanke, meldinga eller klage kontakte leiar i Noregs Ungdomslag.

4. Dersom overgrep eller ei overskridande handling blir avdekket under ein aktivitet eller arrangement:
 - a) Varsle med ein gong ansvarleg for arrangementet eller generalsekretær direkte på telefon. Om dette ikkje er mogleg, kontakt leiar i Noregs Ungdomslag eller organisatorisk eller politisk nestleiar.
 - b) Vurder om det er behov for psykisk eller fysisk helsehjelp til den som er utsett. Ved alvorlege fysiske overgrep skal ein hjelpe den utsette med besøk til valdtektsmottak for å sikre bevis.

Vidare saksgang når medlemmar/tillitsvalte er involvert

- Det vil alltid vedkjenne fleire personar når det blir fremma ein mistanke eller ein klage om grenseoverskridande åtferd og/eller overgrep. Alle skal bli ivaretatt. Spesielt gjeld dette den som er utsett for handlinga og den mistenkte/skulda. Omsynet til den som er utsett for handlinga vil ha forrang i fasen korleis saka skal bli undersøkt vidare.
- Vidare saksgang består av individuelle møte med dei partane det gjeld for å få eit oversyn over kva som har hendt, vurdering av saka skal bli meldt til politiet og vurdering om saka skal få konsekvensar for den som er mistenkt.
- Varsel og saksgang bør bli dokumentert i form av ei tidslinje, oppsummering av handlingar og avgjersle gjort undervegs, og referat frå samtale med partane. Dette for at prosessen kan bli framlagt seinare spørsmål og som kan etterprøvast for styret.

Mottak av varsel

- Organisasjonen skal ikkje etterforske, men undersøke om forholdet er eit lovbrøt og om det skal bli meldt til politiet.
- I dei fleste saker vil den som er utsett for handlinga få bestemme om personen ønsker at forholdet skal bli meldt til politiet. I særskilde tilfelle må leiinga til Noregs Ungdomslag vurdere om forholdet vil bli meldt til politiet sjølv om den som er utsett for handlinga ikkje ønsker dette, for at politiet skal kunne sette i gang ei etterforskning.
- Om forholdet som blir varselt blir meldt til politiet, vil ikkje den som er mistenkt bli kontakta før politiet har sikra bevis og gjennomført første samtale med involverte partar.
- Etter at politiet er ferdig med si etterforskning vil organisasjonen òg avgjere kva som er vidare konsekvensar for den mistenkte. Det blir oppnemnt kontaktpersonar for den som er utsett for handlinga og for den mistenkte/skulda. NU-kontoret kan vere behjelpeleg med å opprette kontakt med hjelpeinstansar og med andre ressursar.
- Det kan bli oppnemnt ressurspersonar for andre involverte i saka, og det skal vere god informasjonsflyt til dei delar av organisasjonen der det er naudsynt. Kontakt- og ressurspersonane kan ikkje ha tilknytning til eller interesse i den aktuelle saka.

Suspensjon

Eit medlem som blir skulda, mistenkt eller meldt for alvorleg seksuell grenseoverskridande åtferd og/eller overgrep vil som hovudregel bli suspendert frå verv eller oppgåver, inntil saka er avklart med politi, rettsinstans og i organisasjonen. Suspensjon vil òg kunne gjelde deltaking på arrangement og for meldte forhold utanfor Noregs Ungdomslag. Det er arbeidsutvalet i Noregs Ungdomslag som fattar vedtak om



suspensjon etter disse retningslinjene. Suspensjon vil stå inntil nytt vedtak er fatta.

Etter at saka er ferdig handsama

- Når saka er ferdig handsama i politi og rettsinstansar eller i dei sakene der det ikkje føreligg ei melding til politiet, vil arbeidsutvalet i Noregs Ungdomslag med bistand frå generalsekretær arrangere individuelle møte med alle partar det vedkjenn. Det er viktig at alle partar får moglegheit til å uttale seg og blir høyrte på lik linje.
- Etter at alle partar har hatt moglegheit til å forklare seg i saka og anna materiale relevant for saka er vurdert vil arbeidsutvalet innstille styret for endeleg vedtak i saka. Innstillinga vil innehalde framlegg til konklusjon, grunnlag for konklusjonen og eventuelle reaksjonar.
- Når ein mistenkt ikkje ønsker å forklare seg for organisasjonen vil sentralstyret kunne konkludere på bakgrunn av dei fakta dei har i saka etter 6 månader. Når den som er utsett for handlinga ikkje ønsker å forklare seg vil saka bli lagt bort om ikkje anna prov føreligg som dokumentasjon.
- De ordinære reglane for inhabilitet gjeld i handsaming av suspensjon og andre sanksjonar.

Retningslinjer dersom den skulda er tilsett i Noregs Ungdomslag

Når ein tilsett er mistenkt/skulda/meldt er det arbeidsgjevar ved generalsekretær som handterer saka i samsvar med dei arbeidsrettslege reglane i området. Denne retningslinja kan då bli brukt som retningsgivande for prosessen. Dersom saka gjeld generalsekretær, er det leiar i Noregs Ungdomslag som handterer saka.